

Arkivsaksnr: 2015/3158-0

Saksbehandler: Linn Myrvold

Dato: 01.06.2015

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	23/2015	

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde- Søknad om å utføre seismikk og krattrydding i forbindelse med rassikring ved Korsmyra rasteplass i Stranda kommune

Søkjjar

Statens vegvesen v/ Christine Grob

Dokument i saka

1. Søknad datert 22. mai. 2015

Søknaden vurderast etter

1. Naturmangfaldloven (NML)
2. Forvaltningsplan – Vestnorsk Fjordlandskap- Delområde Geirangerfjorden
3. Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

Saksframlegg

Søknad

I samband med kommunedelpen for rassikring av strekninga Korsmyra-Indreeide skal Statens Vegvesen undersøke alternative tunnelpåhogg i Indreeidsdalen i Norddal og Stranda kommune. I den samanheng søkas det om dispensasjon til å gjennomføre seismikk for å undersøke grunnforhold og krattrydding for å komme til med utstyr. Det er bare det eine området ved Korsmyra rasteplass som ligg innafor landskapsvernområdet.

Seismikk blir gjennomført ved å legge ut kabel på bakken langs seismiske linjer. For kvar 5. meter blir det stukke ned ein geofon 20-30 cm ned i jordsmonnet. For å få signaler i form av seismiske bølger blir det sprengt små sprengladningar (ca. 50-100 g). Ladningane blir sprengt ein om gongen, noko som fører til mindre groper i jordmassane. Disse gropene blir jamna til etter sprenginga.

I påhuggsområdet ved Korsmyra rasteplass søkas det også om å få rydde litt kratt slik at det blir mulig å få lagt ut kablane.

Verneforskrift og naturmangfaldlova

Føremåla med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å:

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Etter § 3 pkt. 1.1 i verneforskrifta er det forbod mot inngrep som sprenging og boring m.v. i landskapsvernområdet. Etter § 3 pkt. 5.1 er motorferdsel på land og vatn forbode i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

Det finnes ikkje heimel i verneforskrifta for å gi løyve og tiltaket må derfor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova og eventuelle føringar i forvaltningsplanen. Naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon visst det ikkje er i strid med verneformåla og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlige samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Prinsippa i §§ 8-12 skal takast med i vurderinga.

Vurdering

I forvaltningsplanen (s. 24) er Indreeidsdalen innafor sone for spesiell tilrettelegging og bruk. Indreeidsdalen er kjent for sitt vakre landskap forma av beiting og snøras. Det er også registrert viktige naturbeitemarker og kulturminner i dalen, men disse vil ikkje bli berørte av seismikken. Tiltaket kan føre til spor i terrenget i form av små groper etter sprenging, men desse skal bli jamna til. Dei terrengmessige inngrepa vil vere av relativt beskjeden art og vil truleg ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Rassikringa er viktig for busetjing og næringsliv i Geiranger og strekninga er spesielt nemnt i forvaltningsplanen.

Vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12

§ 8 "Kunnskapsgrunnlaget"

Det er ikkje registrert nokon sårbare naturtypar eller artar som kan bli negativt påverka av seismikken ved Korsmyra rasteplass. Det kan derfor opnas for å rydde noko kratt, men det bør ryddast minst mogeleg.

Kunnskapsgrunnlaget vurderast som tilstrekkeleg ivaretatt og det vil derfor ikkje være naudsynt å vurdere saka etter § 9 «Føre-var prinsippet».

Etter § 10 «Økosystemtilnærming og samla belastning» skal det sørgjast for at tiltaket ikkje førar til belastning på økosystemet f.o.m. tiltaket trer i kraft og heller ikkje fram i tid. Tiltaket er spesielt nemnt i forvaltningsplanen og vurderast som samfunnsnyttig. Faren for å skape presedens vurderast i dette tilfellet for å vere lav.

§ 11 «Kostnadane ved forringing av miljøverdiar skal bærast av tiltakshavar». Dersom inngrepa blir meir synlege enn venta kan det bli sett krav om utbetring.

Etter § 12 «Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar» skal man finne fram til de driftsmetodane, teknikkane og lokaliseringane som gir dei beste samfunnsmessige resultatata og som samstundes avgrensar skadeomfanget på naturmangfaldet i høgast muleg grad. Det skal ikkje nyttas motorisert framkomstmiddel for å frakte utstyr utanfor veg.

Forslag til vedtak

Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen vedtar at Statens vegvesen skal få dispensasjon til å utføre seismikk og å rydde noko kratt for å montere utstyr ved Korsmyra rasteplass i Stranda kommune. Vedtaket er heimla i naturmangfaldlova § 48 og søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vilkår

- Tiltaket skal vere avklart med grunneigar.
- Det bes om å gi beskjed til verneområdeforvaltar når prosjektet starter
- Alt av resterande material skal fjernast frå verneområdet ved ferdigstilling.

Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 «Vedtak som kan påklagast, klageinstans» i Forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stillast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.